

## KOMMISJONSVEDTAK

2011/EØS/35/15

av 15. februar 2007

om endring av vedtak 2002/300/EF med omsyn til dei områda som er utelatne frå lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae*(\*)

[meldt under nummeret K(2007) 419]

(2007/104/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 91/67/EØF av 28. januar 1991 om krav til dyrehelse ved omsetning av akvakulturdyr og akvakulturprodukter<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I vedlegget til kommisjonsvedtak 2002/300/EF av 18. april 2002 om utarbeiding av lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*<sup>(2)</sup>, er det fastsett kva område i Fellesskapet som vert rekna for å vere frie for blautdyrsjukdommane *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*.
- 2) Det sameinte kongeriket har ved brev av juli 2006 meldt frå til Kommisjonen at det er påvist *Bonamia ostreae* i Loch Sunart. Dette området har tidlegare vore rekna som fritt for *Bonamia ostreae*, men kan ikkje lenger reknast som fritt for denne sjukdommen.
- 3) Irland har ved brev av november 2006 meldt frå til Kommisjonen at det er påvist *Bonamia ostreae* i Lough Swilly. Dette området har tidlegare vore rekna som fritt for *Bonamia ostreae*, men kan ikkje lenger reknast som fritt for denne sjukdommen.

4) Vedtak 2002/300/EF bør difor endrast.

5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Vedlegget til vedtak 2002/300/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til dette vedtaket.

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 15. februar 2007.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 46 av 16.2.2007, s. 51, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 99/2007 av 28. september 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 9, 21.2.2008, s. 8.

<sup>(1)</sup> TEF L 46 av 19.2.1991, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 806/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEF L 103 av 19.4.2002, s. 24. Vedtaket sist endra ved vedtak 2006/559/EF (TEU L 219 av 10.8.2006, s. 28).

## VEDLEGG

## «VEDLEGG

soner som er godkjende med omsyn til éin eller fleire av blautdyrsjukdommane *bonamia ostreae* og *martellia refringens*

**1.A. Soner i Irland som er godkjende med omsyn til *B. ostreae***

- Heile kystlinja til Irland, bortsett frå dei følgjande åtte områda:
- Cork Harbour
- Galway Bay
- Ballinakill Harbour
- Clew Bay
- Achill Sound
- Loughmore, Blacksod Bay
- Lough Foyle
- Lough Swilly

**1.B. Soner i Irland som er godkjende med omsyn til *M. refringens***

- Heile kystlinja til Irland.

**2.A. Soner i Det sameinte kongeriket, Kanaløyane og Isle of Man som er godkjende med omsyn til *B. Ostreae***

- Heile kystlinja til Storbritannia, bortsett frå dei følgjande fem områda:
- sørkysten av Cornwall, frå Lizard til Start Point,
- området rundt munningen av Solent, frå Portland Bill til Selsey Bill,
- området langs kysten i Essex, frå Shoeburyness til Landguard Point,
- området langs kysten i sørvest-Wales, frå Wooltack Point til St. Govan's Head, medrekna Milford Haven og tidevassområda i austre og vestre Cleddau,
- vassområdet til Loch Sunart, aust for ei linje som er trekt sør-søraust frå den nordlegaste spissen av Maclean's Nose til Auliston Point.
- Heile kystlinja til Nord-Irland, bortsett frå det følgjande området:
- Lough Foyle.
- Heile kystlinja til Guernsey og Herm.
- Sona til Jersey: sona omfattar tidevassområdet og området nærast kysten mellom merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey og ei tenkt linje som er trekt opp tre nautiske mil frå merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey. Sona ligg i bukta mellom Normandie og Bretagne, på sørsida av Den engelske kanalen.
- Heile kystlinja til Isle of Man.

2.B. **Soner i Det sameinte kongeriket, Kanaløyane og Isle of Man som er godkjende med omsyn til *M. Refringens***

- Heile kystlinja til Storbritannia.
- Heile kystlinja til Nord-Irland.
- Heile kystlinja til Guernsey og Herm.
- Sona til Jersey: sona omfattar tidevassområdet og området nærast kysten mellom merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey og ei tenkt linje som er trekt opp tre nautiske mil frå merket for det gjennomsnittlege lågvatnet på øya Jersey. Sona ligg i bukta mellom Normandie og Bretagne, på sørsida av Den engelske kanalen.
- Heile kystlinja til Isle of Man.

3. **Soner i Danmark som er godkjende med omsyn til *B. ostreae* og *M. refringens***

- Limfjorden frå Thyborøn i vest til Hals i aust.»
-